

*Ordning for***Dåp i eiga gudsteneste**

1 Før gudstenesta startar, tek dåpsfølgjet plass i kyrkja.

2 Under ledd 1 Preludium kan det vera prosesjon. Dersom ein bruker prosesjonskross, skal denne alltid berast fremst i prosesjonen. Deretter kan ein bera dåpskanna, som blir sett på plass i døypefonten. Saman med den/dei som ber born, kan det vera med ein frå kvart dåpsfølgje.

3. Prosesjon og inngangssalme kan eventuelt kombinerast. På same vis kan forsamlinga eventuelt gå ut i prosesjon under postludiet.

4 Ved dåpshandlinga nemner ein berre fornamnet til barnet (utan mellomnamn eller slektsnamn), men det fulle namnet blir teke med under ledd 3 Inngangssord.

5 Liturgen ber stola i kvitt eller i fargen for kyrkjeårstida.

I SAMLING**1 Preludium**

Det blir spela eit preludium, normalt som forspel til inngangssalmen.

Dåpskandidatane, både born som blir borne og dei som går sjølve, kjem inn i kyrkja i prosesjon under preludiet. Dei tek plass etter skikken på staden.

Kyrkjelyden reiser seg for å ta imot prosesjonen.

2 Inngangssalme

Kyrkjelyden blir ståande under inngangssalmen.

3 Inngangssord

ℒ I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Kyrkjelyden set seg.

Her kan det kort seiast noko om gudstenesta som følgjer.
Ein nemner dåpskandidatane med deira fulle namn.

4 Samlingsbøn

ℒ Lat oss be.

Anten *Ɱ*

ℒ / *ℳℒ*

Heilage Gud, vi prisar deg for alt som lèt oss kjenna at du er god.
Takk for at du i dåpen knyter rike lovnader til våre liv.
Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss opne sinn,
takksame hjarte og villige hender,
så vi kan ta imot ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn,
og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

eller *Ɱ*

ℒ / *ℳℒ*

Heilage Gud, du som har gjeve oss livet i gåve.
Takk for at du tek imot oss i dåpen
og styrkjer oss i nattverdens måltid.
Lei oss ved ditt ord
og gjer oss opne for det du vil gje oss.

eller *Ɱ*

ℒ / *ℳℒ*

Gud, kor elskelege dine bustader er!
Sporven har funne ein heim,
svala har fått seg eit reir,
der ho kan leggja sine ungar,
ved dine altar.

Gud, du som i dåpen har gjeve oss ein heim i di kyrkje
og sett oss eit evig mål hos deg:
Lei oss på dine vegar.

eller **D**

Ei anna høveleg samlingsbøn

5 Mottaking til dåp

Ved dåp av born

L Med takk og glede tek kyrkjelyden imot *barnet/borna* som i dag skal bli *døpt/døypte* i Guds hus.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne

L Med takk og glede tek kyrkjelyden imot *deg/dykk* som i dag er *komen/komne* til Guds hus for å bli *døpt/døypte*.

L Gud har gjeve oss livet og skapt oss til fellesskap med seg. Etter sitt ord og sin lovnad tek Gud imot oss i dåpen og frelser oss frå synd og død. Vi blir sameina med Jesus Kristus til eit nytt liv og vi blir innlema¹ i den kristne kyrkja.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. **Joh 3,16**

Dei følgjande tekstane kan gjerne lesast av ein frå dåpsfølgjet eller av ein annan medliturg.

L Lat oss høyra kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for oss:

ML / L Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: "Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det." Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. **Mark 10,13-16**

Ved dåp av større born, unge eller vaksne kan ein av dei følgjande tekstane koma i staden:

¹ Var det denne termen det endte med? (Har ikke notatene fra KR her.)

ℒ Apostelen Paulus seier om dåpen:

ℒ / ℳℒ

Det vart openberra kor god vår Gud og Frelsar er, og kor han elsker menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von. **Tit 3,4-7**

eller

ℒ Jesus seier at vi blir fødde på nytt i dåpen:

ℳℒ / ℒ

Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta og sa: ”Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.” Jesus svara og sa til han: ”Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.” Nikodemus seier til han: ”Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?” Jesus svara: ”Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.” **Joh 3,1-5**

6 Takkebøn

Her kan ein i dåpsfølgjet, ein annan medliturg eller liturgen be ei av dei følgjande takkebønene. Ved særskilde høve kan det lagast ei lokalt utforma takkebøn.

ℒ Lat oss takka og be:

Anten **α**

ℳℒ / ℒ

Evige Gud, du har skapt oss i ditt bilete
og i dåpen kallar du oss med namn.
Vi takkar deg for *NN/dei* som skal døypast i dag.

Hald di vernande hand over *henne/han/dei*.
Gjev kjærleik og visdom til alle som har del i
ansvaret og omsorga for *henne/han/dei*.
Gud, høyr vår bøn.
K Amen.

eller *B*

ML | L
Miskunnsame Gud,
vi takkar deg for livsens store under
og for *NN/dei* som skal døypast i dag.
Takk for at du i dåpen
gjev oss ein heim i di kyrkje på jorda.
Lat *henne/han/dei* få vera i di omsorg
og gjev *henne/han/dei* framtid og von.
Gud, høyr vår bøn.
K Amen.

II ORDET

7 Skriftlesing

L Lat oss høyra ord frå Den heilage skrifta.

Ein les éin eller to av dei følgjande tekstane, eventuelt éin eller to av tekstane for søndagen frå
Tekstbok for Den norske kyrkja.

Tekstane kan gjerne lesast av ein frå dåpsfølgjet eller av ein annan medliturg.

L Jesus seier at vi blir fødde på nytt i dåpen. Slik står det skrive i evangeliet etter
Johannes, kapittel 3:

ML/L Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til
jørdane. Han kom til Jesus om natta og sa: ”Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er
komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.”
Jesus svara og sa til han: ”Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir

fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.” Nikodemus seier til han: ”Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?” Jesus svara: ”Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.” [Joh 3,1-5](#)

eller

L Apostelen Paulus seier om dåpen i brevet til Titus, kapittel 3:

ML/L Det vart openberra kor god vår Gud og Frelsar er, og kor han elsker menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von. [Tit 3,4-7](#)

eller

L Apostelen Paulus seier om dåpen i brevet til kyrkjelyden i Rom, kapittel 6:

ML/L Veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans. [Rom 6,3-5](#)

eller

L Apostelen Paulus seier om dåpen i brevet til kyrkjelyden i Galatia, kapittel 3:

ML/L De er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus. For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus. [Gal 3,26-28](#)

eller

L Apostelen Paulus vitnar om det vi som døypte eig i trua. Slik står det skrive i brevet til kyrkjelyden i Rom, kapittel 8:

ML/L Kven kan skilja oss frá Kristi kjærleik? Naud eller angst eller forfølging eller svolt, å stå naken eller i fare eller framfor sverd? For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er, eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frá Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.
Rom 8,35.38-39

Andre tekstframlegg:

Sal 8,4-6.10; Sal 139,13-16; Matt 3,13-17; Mark 9,33-37; Joh 3,5-8; Apg 2,37-41, Apg 8,36-38; Ef 3,14-21; 1 Joh 3,1-2

*Tekstlesinga kan avsluttast med
Slik lyder Herrens ord.*

8 Dåpssalme

Dåpssalmen kan eventuelt delast, slik at nokre vers blir sungne før og nokre vers etter preika.

9 Preike

Liturgen held ei kort preike knytt til teksten/tekstane som er lesne.

Preika kan avsluttast med lovprisinga

L Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande,
som var og er og blir éin sann Gud frå æve og til æve.

Her kan følgja

III FORBØN

10 Forbøn i kyrkjelyden

Etter bønledda kjem eit kyrkjelydssvar.

L Lat oss takka og be:

Anten *A*

L Far i himmelen:

Takk for at du skapte oss,

og takk for at du skapte jorda der vi bur.

Takk for at du kjenner oss og elsker oss.

Hjelp oss til å ta vare på kvarandre og på alt det du har skapt.

K Herre, høyr vår bøn.

L Kjære Jesus:

Du fann vener du kunne gleda deg saman med og gråta hos.

Takk for evna vår til venskap.

Hjelp oss å vera til stades for kvarandre.

Lat alle menneske finna nokon dei kan stola på.

Du har vist oss at alle menneske er like viktige og like verdefulle.

Ver hos alle som lid på grunn av uforstand eller vondskap.

Hjelp oss å kjempa mot undertrykking og urett.

K Herre, høyr vår bøn.

L Gode Heilage ande:

Du viser oss vegen vi skal gå.

Gjev oss vilje og kraft til å gå denne vegen.

Gjev oss visdom og styrke så vi kan stå saman.

Du har kalla oss til å vera di kyrkje.

Kom til oss med dine gåver

og hjelp oss til å vera lys og salt i verda.

K Herre, høyr vår bøn.

eller *B*

Ei anna høveleg forbøn, gjerne lokalt utforma.

IV DÅP

11 Ordet om dåpen og trua

L Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi ord om dåpen og trua:

ML / L Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. **Matt 28,18-20**

Ved dåp av større born, unge eller vaksne kan Mark 10,13-16 eventuelt lesast her.

12 Forsakinga og trua

Ved dåp av born:

L Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi døyper borna våre til:

Ved dåp av større born/ungdom/vaksne:

L Vil *du/de* saman med denne kyrkjelyden vedkjennast forsakinga og trua, som *du blir døypt/de blir døypte* til?

Dåpskandidaten: Ja.

Her, og når det gjeld ”ja”-svaret ved dåpshandlinga, kan dåpskandidaten om naudsynleg gje stadfestande svar på andre måtar enn med verbalt språk.

Når både born og større born/ungdom/vaksne blir døypte i den same gudstenesta, rettar ein spørsmålet først til dei som er i gruppa større born/ungdom/vaksne. Deretter seier ein: Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.

A Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmelen og jorda.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,

vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv. Amen.

13 Bøn ved døypefonten

Vatnet blir helt i døypefonten.

Anten *A*

L Herre Jesus Kristus, takk for vatnet i dåpen, som ved ditt ord er ei nådekjelde. I dåpen friar du oss frå lova til synda og døden og sameinar oss med deg i den siger du vann då du døydde og stod opp. Gjev *henne/han/dei* som blir *døypt/døypte*, nytt liv ved din Heilage Ande.

eller *B*

L Evige Gud, takk for at du tek imot oss i den heilage dåpen. Ved vatnet i dåpen reinsar du oss frå all synd og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. I trua på ditt ord og din lovnad bed vi: Lat den nye fødsel koma ved din skapande Ande.

eller *C*

L Evige Gud, vi takkar deg for frelsa i den heilage dåpen, der du friar oss frå mørkemakta og gjer oss til born av lyset. Send din Ande, så *ho/han/dei* som blir

døyp/døypte, blir reist/reiste opp frå vatnet i dåpen til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

14 Dåpshandlinga

Mellom kvar dåp kan ein syngja eit vers frå ein høveleg salme.

Ved dåp av born:

L Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornarnet på barnet.

L Vil de at *NN* skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Den som ber barnet, foreldra/dei føresette og fadrane svarar:

Ja.

Ved dåp av større born, ungdom eller vaksne:

L Kva heiter du?

Den som skal døypast, svarar sjølv ved å seia fornarnet sitt.

L *NN*, vil du bli døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og leva i den kristne forsakinga og trua?

Den som skal døypast, svarar: Ja.

Bøna før og etter krossteikninga bed ein med ei open handflate vend mot barnet/dåpskandidaten.

L Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid.

Eg teiknar deg med det heilage krossmerket (✠) til vitnemål om at du skal høyra til den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tru på han.

L *NN*, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døypt, tre gonger.

Liturgen legg (eventuelt saman med foreldra/dei føresette og fadrane) handa på hovudet til den døypte og seier:

ℒ Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.

Fred vere med deg.

Dåpsborna/dåpskandidatane kan her presenterast med orda:

Dette er NN, som er døypt inn i Kristi kyrkje og vår kyrkjelyd.

eller

Dette er NN, vår syster/bror i Kristus.

15 Livet i dåpen

Når alle er døypte, kan ein medliturg tenna eit lys for kvart barn/kvar dåpskandidat. Lysa plasserer ein i ein lyshaldar. Dei brenn til gudstenesta er ferdig.

Når alle dåpslysa er tende, seier liturgen:

ℒ Jesus seier: ”Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.” Joh 8,12

ℒ Kjære kyrkjelyd. Gjennom dåpen set Gud oss inn i si verdsvide kyrkje og gjev oss del i Jesu kall og oppdrag. Lat oss stå saman i vitnemål og teneste, inntil dagen kjem då alt det skapte skal bli forløyst ved vår frelsar, Jesus Kristus.

Ved dåp av born

ℒ Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De er vitne om at NN/desse borna er døypt/døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for henne/han/dei, be for henne/han/dei, læra henne/han/dei å be sjølv/sjølve og hjelpa henne/han/dei å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så ho/han/dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Ved dåp av større born, ungdom eller vaksne

ℒ Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De er vitne om at *NN/desse* er *døypt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for *henne/han/dei*, be for *henne/han/dei*, og hjelpa *henne/han/dei* til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

Foreldra/dei føresette og fadrane set seg.

16 Fadervår og lovprising

Fadervår blir sagt fram.

ℒ Lat oss saman be den bønna Jesus har lært oss:

ℳ Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

eller

ℳ Fader vår, du som er i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlèt våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Det er også anledning til å benytte Fadervår etter 1920-liturgien.

ℒ Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. **1 Pet 1,3**

Dersom det skal feirast nattverd i dåpsgudstenesta, har den sin plass her.

Her kan følgja

17 Musikk

Her kan det framførast høveleg song eller instrumentalmusikk ved deltakarar i dåpsfølgjet eller andre.

V SENDING

18 Utgangssalme

Kyrkjelyden står under salmen og velsigninga.

19 Velsigninga

Ein les eller syng velsigninga.

Velsigninga kan takast imot ved at den einskilde gjer krossteiknet.

Innleiing til velsigninga kan vera:

ℒ / *Mℒ* syng:

Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg.

K Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

eller

L *seier* Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L Herren velsigne deg og vare deg.

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

Dersom velsigninga blir messa, syng kyrkjelyden:

K Amen. Amen. Amen.

3 x 3 BØNESLAG

20 Utsending

Dersom kyrkjelyden blir sitjande under det etterfølgjande postludiet, kan utsendingsorda seiast etter postludiet.

Anten

L Gå i fred.

eller

L Gå i fred. Ten Herren med glede.

Eller eit anna utsendingsord som høver til særpreget for dagen. Eventuelt kan ein bruka lokalt utforma utsendingsord.

21 Postludium

Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til fotografering, eventuelt til lystenning og still bøn.

*